



Øyvind Nondal

Avvising av krav om innsyn i kalender m.m.

Eg viser til e-postane dine 11.d.m., der du ber om innsyn i Outlook-kalenderen til følgjande:

- Tore Eriksen
- Paal Fosdal
- Svein Arne Skuggen Hoff
- Anne-Kjersti Stavø Stenehjem
- Svein Hågård
- Ina Therese Sørfonden
- Trude Helen Flåten
- Jenny Følling

Du ber også om innsyn i alle e-postar Skuggen Hoff og Stavø Stenehjem har sendt til og motteke frå Hanne Brekken Oppedal det siste året før sistnemnde slutta i fylkeskommunen.

Endeleg lurar du på kva fylkeskommunen har av spesifiserte telefonrekningar og kor mange år tilbake i tid desse kan hentast ut.

Fylkesrådmannen avviser innsynskravet.

Eg viser til at innsyn ut frå allmenne rettsprinsipp vil kunne nektast i tilfelle der det er klart grunnlag for å tru at innsynskravet er framsett for å sjikanere organet, jf. Justisdepartementet sitt høyringsnotat til offentlegforskrifta dagsett 04.09.07, pkt. 3.1.

Du har over tid opptredd slik at fylkesrådmannen meiner det er klart grunnlag for å tru at det føreliggjande innsynskravet er framsett for å sjikanere fylkeskommunen og dei personane som er nemnde over. Eg viser til følgjande forhold:

- I april 2014 avlytta du ulovleg ein utviklingssamtale mellom Hanne Brekken Oppedal og hennar nærmaste overordna, Anne-Kjersti Stavø Stenehjem. For dette forholdet er du domfelt for brot på den gamle straffelova § 145 a.
- Den 27.09.15 søkte du på stilling som prosjektleiar i fylkeskommunen si opplæringsavdeling. I søknaden skreiv du m.a.:

«Sluttårsak i fylkeskommunen var m.a. knytt til mistillit til dåverande nestleiar i plan- og samfunnsavdelinga, Anne-Kjersti Stavø Stenehjem, som på tidspunktet opptredde partisk i handsaminga av ei personalsak til ein tidlegare tilsett, der Stenehjem var teken i løgn ved fleire høve. Før Stenehjem var omplassert til ei rådgjevarstilling hjå fylkesrådmannen skreiv ho ut ein sluttattest til meg som inneheld ei lang rekkje feil og manglar, noko som ho vart politimeld for seinare. Det pågår ei sak der fylkeskommunen vert bede om å m.a. skrive ut korrekt sluttattest slik arbeidsmiljølova krev. Stenehjem er med det uaktuell som referanse.»

Dette avsnittet er, som du var kjend med, fylt av usanningar frå di side. Fylkesrådmannen legg til grunn at du sette fram desse påstandane utelukkande for å sjikanere Stenehjem.



- I tilsvar til fylkesmannen av 29.10.15 nyttar du fleire gonger uttrykket «løgn» om formuleringar fylkesrådmannen brukte i oversendingsbrev til fylkesmannen 27.10.15. Du skriv også at «(d)et er stort sannsyn for at Fosdal også vil forsøkje unndra informasjon om leiinga sine reiser».
- I e-post til underteikna av 19.12.15 gjentek du at Anne-Kjersti Stenehjem vart fjerna frå stillinga si og omplassert som rådgjevar. Vidare skriv du at «(s)akspapir frå den prosessen eksisterer knapt».
- I e-post til underteikna av 21.12.15 tek du opp att at Stenehjem «mista alt personalansvar og stillinga si kort tid etter lydopptaket vart kjent ...». Du skriv vidare at «(d)e har imidlertid forsøkt å skjule dette, og Bremer har til og med øydelagt papir eg hadde partsinnsyn i».
- I ny e-post av 21.12.15 oppmodar du underteikna om å høyre gjennom lydopptaket «og høyre korleis ein leiar i fylkeskommunen TRAKASSERER eigne tilsette». Du avsluttar med «(m)en det gjev du vel faen i din drittsekk?».
- I endå ein e-post av 21.12.15 innleiar du med å opplyse om at «(v)i er langt frå ferdige med denne diskusjonen ... No skal vi gi full gass til vi er komme i mål». Deretter skriv du følgjande:

«Eg publiserer gjerne eit blogginnlegg om Anne-Kjersti og korrupsjonskulturen i fylkeskommunen utpå nyåret. Det er berre bra at slikt kjem fram i lyset, som til slutt kan føre til at Tore Eriksen, og du Paal Fosdal går av. Vi har ikkje bruk for drittsekkar i leiarstillingar i offentleg sektor som lyg og trenerer, og fører eigne tilsette bak lyset. Slike leiarar skal ut. Det er alle tilsette i fylkeskommunen tent med, og heile samfunnet elles.

Min påstand om at Anne-Kjersti var omplassert er heilt rett. Då Svein Arne Skuggen Hoff var i politiavhør gav han mistillit til Anne-Kjersti i forklaringa si, og sa den eine eller den andre måtte gå. Svein Arne si politiforklaring har eg partsinnsyn i, og den har politiet gjeve meg kopi av. Om du Fosdal meiner dette ikkje stemmer, må du antyde at Svein Arne har gjeve politiet falsk forklaring. Men du endrar vel meining med vindretninga.

Det er faktisk slik at fylkeskommunen disponerer fellesskapens ressursar. Det fylkesrådmannen har gjort i dette tilfellet er å lyst ut fiktiv stilling, som på førehand var avtalt at Anne-Kjersti skulle få. Ingen av jobbsøklarane hadde reell moglegheit til å få den. Det sa også Bjørn Birger Bremer, då eg bad om partsinnsyn i dokumenta frå tilsetjingsprosessen. Overgangen til Geir frå LOR til FRM var også ei fiktiv stillingsutlysning. Overgangen til Stig frå FRM til PSA er fiktiv stilling. Den var ikkje utlyst ein gang. Fiktiv. Fiktiv. Fiktiv.

Du held fram med å påstå at «Anne-Kjersti dreiv langvarig leiartrakassering ovanfor meg» og at Tore Eriksen «opptrer svært kritikkverdige, og eg meiner han skal gå av». Om Hanne Brekken Oppedal skriv du at det «er godt dokumentert at (ho) skapte fleire problem for tilsette i fylkeskommunen. Ho var opphav til store samarbeidsproblem.»

Om Anne-Kjersti Stavø Stenehjem heiter det at «(d)å har vi ein person på leiarnivå som lyg og journalfører feilaktige opplysningar med vitande vilje. Og vidare framgår det at «Oppedal oppgav også med vilje feilaktige opplysningar i rekneskapen og trenerte innsending av rapporteringspliktige opplysningar til departementet». Du er også innom Ina Therese Sørfonden, som du hevdar «sakshandsamar innsynskrav for veninna si, Oppedal. Det er venskapskorupsjon.»

- På Facebook i midten av desember 2015 har du eit innlegg, der du skriv om fylkesrådmann Tore Eriksen at «(n)år han som rådmann let sine to (juridiske) rådgjevarar i administrasjonen rigge fikivt selskap for å unngå forkjopsrett har han ei skrue laus».
- I vevloggen din har du publisert eit innlegg 19.12.15 med tittelen «*Fylkesrådmann: I reiserekningssystemet får ein ikkje summen for reiseutlegg*». Under deloverskrifta «*Gullkorn*» siterer du ei formulering frå ei av fylkesrådmannen sine avgjerder om innsyn, som du deretter kallar for «reinspikka vås». Lenger nede i innlegget, under deloverskrifta «*Kva syner rapportane eigentleg?*», skriv du at fylkesrådmannen «freistar ... å føre Fylkesmannen bak lyset». Under deloverskrifta «*Sjå sjølv: Visma sin eigen*

instruksjonsvideo», skriv du at fylkesrådmannen har «trenert innsynskravet og kverna på det i mange månader. Den slasken».

Oversikta er ikkje uttømmende.

Omtalen din av ei rekkje tilsette i fylkeskommunen er uakseptabel og ber preg av sjikane. Fylkesrådmannen meiner å ha klart grunnlag for å tru at føremålet ditt med det framsette innsynskravet er å halde fram med sjikanen.

Du kan klage på denne avgjerda til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane innan tre veker. Ein eventuell klage skal sendast til fylkeskommunen.

Med helsing

Paal Fosdal
assisterande fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift